



To telemarkingar vann utstillinga i Uskedalen i fjor - Svein Inge Kostveit frå Vinje (grå) og Jon Bjarne Onsøien frå Skien (svart). Her flankerar dei dommaren.

**Festidalen er ei storhending, men det stoppar ikkje med festivalen rundt månadsskiftet juli/august. Helga etter er Uskedalen hovudsete for NM i bandhund og førebuingane har vore igang lenge. Meisterskapen er ein naturleg oppfølging av dei vellukka utstillingane som har vore avvikla i bygda i dei siste åra. Det er på sett og vis ei historisk hending: Hordaland Elghundklubb har aldri før arrangert NM for bandhund og det er fyrste gongen det arrangerast berre for hjort. Meisterskapen skal gå føre seg i heile Kvinnherad, men basen er altså her. - Det er ei stor utfordring, seier Vidar Hellås som er leiar for klubben. Han har no søkt samarbeidspartnarane om stønad og utifrå tidlegare erfaring antyder han 30 kroner pr. felte dyr. Det gir ein sum på 30 000 ved 1000 løyve.**

Arrangementet går altså føre seg frå 6. til 8. august og Kvinnherad var eit natuleg val ettersom dette er landets største hjortekommune.

Kva er så elg- og hjortejakt med bandhund?

Tradisjonelt har vi to slags elgjakt med hund her i landet - anten md bandhund eller laushund.

Ved laushundjakt slepp ein hunden og let den søkje etter elg i trerrenget. Når den finn elgen, skal den bjeffe (lose) slik at jegaren ubemerka kan gå inn og skyte.

Ved bandhundjakt går jegaren derimot med hunden i band heile tida. Ved hjelp av dei skarpe sansane sine men samtidig ved at den er heilt taus og roleg skal den hjelpe jegaren ubemerka inn på dyret.

Begge prøvetypar simulerar praktisk jakt og den einaste skilnaden frå reell jakt er at det ikkje løysast skot ved jaktprøve.

Det er 9 elghundrasar i landet og grå og svart hund er mest vanleg brukt på bandhundjakt.


Ei bandhundprøve varar i minst 6 timar i eit avgrensa område som er frå 3000 til 10 000 dekar. Saman med hundeføraren går ein dommar som registrerar arbeidet til hunden og set poeng.

Mellom 25 og 30 hundar vil delta i NM. Når Uskedalen er vald har det ikkje minst samanheng med at bygda ligg sentralt i kommunen og at ein difor vil nå rundt til terrenga på stutt tid.

Hordalandklubben er ein av 22 områdeklubbar og er for alle som brukar elghund. Den store auken i

hjortestammen har ført til ein eksplosiv auke i behovet for godkjente ettersøkekvipasar. Opplæring og godkjenning av hunder til ettersøk av skada vilt er ein av dei viktigaste oppgåvane som klubben har.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto. Trygve Varanes



Bandhundjaktprøve i Tveitedalen i Kvinnerød